



12 ljøs i globen til minne om dei som døydde i Uskedalen det siste året.

I går var det Allehelgensundag, også kalla Helgemesse, med minnegudsteneste i kyrkja. 12 personar døydde det siste året, frå november i 2019 til den sist gravlagde 6. oktober i år. Presten Carsten Mrusek hadde minneord før alle namna vart lesne og det vart tend ljøs og sett i globen. Kantoren spela dempa musikk før det heile vart avslutta med bøn. Det var godt frammøte frå familiane og dei pårørnde.

I minnetalen la Carsten Mrusek vekt på saknet og tomrommet mange sit att etter å ha mista ein av sine kjære i familien. Det knyter seg ulike opplevingar og kjensler etter eit dødsfall. Midt i saknet er det mykje å minnast og takka for, ei takk for alt personen har gjeve oss av varig verdi, ein arv vi skal ta med oss.

Her er namna på dei som døydde i Uskedal sokn det siste året:

- Magnus Audun Sæle
- Toralv Severin Nerhus
- Oddgeir Asbjørn Eik
- Olav Arne Ljosnes
- Thor Moen
- Haldis Krokeide
- Anna Ragnhild Myklebust
- Johanna Yri
- Klara Døssland
- Eva Haugland
- Lovise Herland Sunde
- Margit Ingebjørg Eik

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal